



Status og råd

Basert på genetik, fettstoffer og parasittfauna, har ICES konkludert med at det i Irmingerhavet søraust for Grønland er to bestandar av pelagisk snabeluer. Den eine lever hovudsakleg djupare enn 500 meter, og den andre, oseanisk snabeluer, grunnare enn 500 meter. I tillegg er det ein bestand på kontinental-sokkelen ved Island som kan henge saman med snabeluer på kontinentalsokkelen ved Grønland. Sidan det er vanskeleg å forvalte og halde to pelagiske bestandar frå kvarandre på djupn, har ICES føreslått eit forvaltingsområde for den djupe bestanden i nordaust der dei tettaste og fiskbare førekomstane finst (sjå figur). Sørvest for dette området er førekomstane dominert av den grunne bestanden. Det er uklart om det finst ein eigen bestand på kontinentalsokkelen ved Aust-Grønland, eller om, og i kva grad, snabelueren her heng saman med dei andre bestandane. Yngel- og oppvekstområdet til pelagisk snabeluer i Irmingerhavet er på sokkelen ved Aust-Grønland.

Fleire tokt har dei siste åtte åra vist at mengda av pelagisk snabeluer i Irmingerhavet har blitt kraftig redusert. Oseanisk snabeluer er no den minste bestanden, og resultatata frå toktet i 2013 viser ein bestand (på vel 90 000 tonn) som er mindre enn 5 % av målingane på byrjinga av 1990-talet. Det er vanskelegare å måle den djupare bestanden med akustikk, og her må ein difor i større grad støtte seg på fangstrater med trål. Resultat frå målingar av denne bestanden viser ein reduksjon der målinga i 2015 (kring 200 000 tonn) er den lågaste sidan 1999.

ICES har gitt råd om at det ikkje bør vere noko direkte fiske på den grunnaste bestanden, og at det må utformast ein internasjonal forvaltingsplan. For den djupaste bestanden har ICES tilrådd at fisket blir redusert til under 10 000 tonn sidan bestandsindeksane fall betydeleg fram til 2005 og seinare.

Den nordaustatlantiske fiskerikommisjon (NEAFC) vedtok under sist årsmøte at det i 2016 ikkje skal fiskast på den grunnaste bestanden, og ikkje meir enn 8 500 tonn av den djupaste.

Fiskeri

Norske trålarar har fiska snabeluer i internasjonal farvatn sørvest av Island sidan 1990. På det meste er det internasjonal totalt fiska 180 000 tonn (1996), og opptil 19 nasjonar har delteke. Norske fiskarar har maksimalt fiska vel 14 500 tonn (1992–1993). Fangststatistikken frå ICES for 2014 viser ein totalfangst på 23 755 tonn av den djupe bestanden og 6 423 tonn av den grunne, trass null-rådet. Av dette var norsk fangst 1 965 tonn av den djupe bestanden. Førebels statistikk for 2015 viser ein total fangst av pelagisk snabeluer på kring 29 800 tonn. Av dette fiska norske trålarar 1 547 tonn.

Alle partar bortsett frå Russland er samde om fordelinga av totalkvoten i 2016 på 8 500 tonn. Noreg er tildelt 327 tonn av dette, men har i forhandlingar med EU bytta til seg ytterlegare 800 tonn, slik at den norske totalkvoten av pelagisk snabeluer i Irmingerhavet i 2016 blir 1 127 tonn. Alt fiske skal gå føre seg i det nordaustlege området, dvs. forvaltingsområdet for den djupaste bestanden. Som eit vern i yngletida skal fisket ikkje starte før 10. mai. All fangst til forskingsformål skal takast innanfor avtalt internasjonal totalkvote. Fartøya skal rapportere fangstane kvar dag, og NEAFC-sekretariatet skal kvar veke rapportere dette til alle partar inntil 50 % av totalkvoten er tatt. Deretter skal NEAFC rapportere dette dagleg. Det skal ikkje brukast trålposar med mindre maskevidde enn 100 mm. Partane er samde om å bruke same faktor på 1,70 for omrekning frå alle typar hovud- og bukkappa fiskevekt til rundvekt.

I IRMINGERHAVET

Pelagisk snabeluer – *Sebastes mentella* – Beaked redfish

Andre namn: Djuphavsuer, nebbuer, raudfisk

Familie: Scorpaenidae

Maks storleik: 50 cm og 1,3 kg

Levetid: Over 70 år

Leveområde: Irmingerhavet. Yngel- og oppvekstområde ved Grønland

Hovudyngleområde: Langs Reykjanesryggen

Gytetidspunkt: April

Føde: Dyreplankton først, sidan også liten blekksprut og fisk

Predatorar: Sjøpattedyr

Særtrekk: Lever heile sitt vaksne liv pelagisk i Irmingerhavet

Nøkkeltal:

KVOTERÅD 2016: Ikkje direkte fiske på den grunnaste bestanden. For den djupaste bestanden har ICES rådd til at fisket blir betydeleg redusert (til under 10 000 tonn). NEAFC vedtok ein kvote på 8 500 tonn.


TOTALFANGST 2015:

Internasjonal fangst: 29 800 tonn

Norsk fangst: 1 547 tonn

Fakta om bestanden:

Snabelueren i Irmingerhavet er samansett av to pelagiske bestandar som med ei viss overlapp i stor grad er åtskilde på djup. Den grunnaste lever på 100–500 meters djup, og den djupaste på 500–900 meters djup over eit botndjup på 1 500–3 000 meter. Yngelen har sitt oppvekstområde på kontinentalsokkelen ved Grønland, og det er stort sett berre den kjønnsmodne delen av desse snabeluerbestandane som lever pelagisk ute i Irmingerhavet. På grunn av sein kjønnsmodning og langsam vekst, er bestandane svært følsame overfor haustingsgrad og fiske.



Oversikt over områda der det meste av fisket føregjekk i 2014. Figuren viser grensene for det nordaustlege forvaltingsområdet (raud ramme). Fisket her føregår på 600–800 meters djup i april–juni. Fargane viser ulike fangstratar som tonn per kvadratnautisk mil for dei nasjonane som har rapportert dette. Kjelde: Hafrannsóknastofnunin, Island.

Distribution of the fishery in 2014, mainly on pelagic deep-sea *Sebastes mentella* in the north-eastern area at 600–800 m depth in April–June. The scale given is tonnes per square nautical mile for countries reporting such information. The red box is the proposed Deep Pelagic Management Unit. Source: Marine Research Institute, Iceland.